

# Innst. S. nr. 181

(2001-2002)

## Innstilling frå næringskomiteen om forslag fra stortingsrepresentantene Åsa Elvik, Bendiks H. Arnesen og Hill-Marta Solberg om gjenoppsettelse av tipstelefon for miljøkriminalitet og økonomisk svindel i fiskenæringa

Dokument nr. 8:80 (2001-2002)

Til Stortinget

### SAMANDRAG

Følgende forslag fremmes i dokumentet:

"Stortinget ber Regjeringa om å gjenopprette Fiskeridirektoratets tipstelefon for fiskefusking."

### MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, leiaren Olav Akselsen, Bendiks H. Arnesen, Grethe Fossli og Aud Gaundal, frå Høgre, Silja Ekeland, Ivar Kristiansen og Michael Momyr, frå Framstegspartiet, Øystein Hedstrøm og Lodve Solholm, frå Sosialistisk Venstreparti, Åsa Elvik og Inge Ryan, frå Kristeleg Folkeparti, Olaf Gjedrem og May-Helen Mølvær Grimstad, og frå Senterpartiet, Marit Arnstad, viser til Dokument nr. 8:80 (2001-2002), forslag frå stortingsrepresentantane Åsa Elvik, Bendiks H. Arnesen og Hill-Marta Solberg om gjenoppsettelse av tipstelefon for miljøkriminalitet og økonomisk svindel i fiskenæringa, og til Fiskeridepartementet sine kommentarer til forslaget i brev av 5. april 2002 (brevet er lagt med innstillinga).

Komiteen viser til at tilgangen til ressursene i havet er eit felles, avgrensa gode og at økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet i fiskerinæringa undergraver vesentlege interesser for samfunnet og næringa. Det er derfor viktig at det vert sett inn tiltak for å styrkje ressurskontrollen.

Komiteen viser til at fiskeriforvaltninga er komplisert og tidvis uoversiktleg for yrkesutøvarane. Komiteen meiner derfor at styresmaktene stadig må vere merksame på dei signala som kjem frå næringa i

forhold til korleis regelverket fungerer i praksis. Komiteen legg vekt på at den enkelte yrkesutøvar, spesielt reiarar og skippere, har ansvar for at lover og reglar blir fulgt, men styresmaktene må ta ansvar for at desse reguleringane er hensiktsmessig og i tråd med måla for fiskeripolitikken.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, meiner det var feil av fiskeriministeren å leggje ned den såkalt fiskefuskingstelefonen knapt eit halvår etter at han var oppretta. Ressurssituasjonen for enkelte av dei artane Norge har ansvar for å forvalte, er så alvorleg, at undergraving av forvaltningsregimet ikkje kan tolererast. Tips om lovbrutt har vist seg nyttige for at styresmaktene skal kunne slå ned på åtferd som har til hensikt å oppnå kortsiktig økonomisk fortjeneste i strid med gjeldande reguleringar.

Fleirtalet tar til etterretning at Regjeringa har oppretta ein generell tipstelefon for økonomisk kriminalitet under Økokrim. Fleirtalet følgjer ikkje logikken i at ein tipstelefon under Fiskeridirektoratet skal vere "basert på angiveri", medan ein telefon under Økokrim er eit "tiltak mot økonomisk kriminalitet" som det har vore hevda i debatten.

Fleirtalet ser det som lite hensiktsmessig å skulle gjenopprette ein eigen telefon for fiskerinæringa etter at ein felles tipstelefon er oppretta under Økokrim. Fleirtalet meiner det i utgangspunktet var ukløkt å leggje ned fiskefuskingstelefonen, men ser fornuften i at den nye telefonen får fungere ei tid, før ein kan evaluere effekten av den. Fleirtalet ber derfor Regjeringa komme tilbake til Stortinget med ei eiga sak med vurdering av Økokrims tipstelefon sett i forhold til den såkalte fiskefuskingstelefonen.

Fleirtalet legg ut frå dette fram følgjande forslag:

"Stortinget ber Regjeringa leggje fram ei sak der ein gjennomgår erfaringane frå både den såkalte fiskefusk-telefonen og Økokrims tipstelefon for økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet."

Medlemene frå Høgre, Fremskrittspartiet og Kristeleg Folkeparti har merka seg at det ved ØKOKRIM allereie er etablert ein generell tipstelefon for økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet, og at ordninga var operativ frå slutten av februar 2002. Ein slik generell tipstelefon vil etter desse medlemene si oppfatning vere et viktig bidrag i kampen mot økonomisk kriminalitet, også for saker som gjeld fiskerinæringa. Desse medlemene seier seg nøgd med at tipsordninga ved ØKOKRIM no er etablert og vil understreke viktigheita av at ordninga vert allment kjent. Desse medlemene har merka seg at ordninga vil verte evaluert etter ei tid.

Desse medlemene har vidare merka seg at tips som gjeld fiskerinæringa som kjem inn til ØKOKRIMs tipstelefon blir overført ubehandla til Fiskeridirektoratet, som har kompetansen til å vurdere tipsa nærare.

Etter det desse medlemene ser er intensjonen med Dokument nr. 8:80 (2001-2002) allereie oppnådd gjennom den ordninga Regjeringa no har innført.

#### **TILRÅDING FRÅ KOMITEEN**

Komiteen har elles ingen merknader, viser til dokumentet og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

##### **I**

Stortinget ber Regjeringa på egna måte legge fram ei sak om arbeidet mot ressurskriminalitet innen fiskerinæringa, og vurdere om det er nødvendig med endringar i forvaltningsregimet og vurdere strengere sanksjoner av grove lovbrøt.

##### **II**

Stortinget ber Regjeringa leggje fram ei sak der ein gjennomgår erfaringane frå både den såkalte fiskefusk-telefonen og Økokrims tipstelefon for økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet.

Oslo, i næringskomiteen, den 14. mai 2002

**Olav Akselsen**  
leder

**May-Helen Molvær Grimstad**  
ordfører

**Ivar Kristiansen**  
sekretær

## Vedlegg 1

### Brev fra Fiskeridepartementet v/statsråden til næringskomiteen, datert 5. april 2002

#### Vedr. dokument nr. 8:80 (2001-2002)

Jeg viser til brev av 15. mars 2002.

Det fremgår at Næringskomiteen for tiden har til behandling Dok. nr. 8:80 (2001-2002), forslag fra stortingsrepresentantene Åsa Elvik, Bendiks H. Arnesen og Hill-Marta Solberg om gjenoppsettelse av tipstelefonen for miljøkriminalitet og økonomisk svindel i fiskerinæringen.

Komiteen har bedt om departementets vurdering av nevnte forslag.

Jeg vil først bemerke at fra det fra Regjeringens side legges stor vekt på at seriøse anonyme tips om ulovligheter skal følges opp fra myndighetenes side. Kamp mot alle former for økonomisk kriminalitet skal ivaretas med kraft, og ulike virkemidler må benyttes. Dette gjelder selvfølgelig også fiskerinæringen. Samtidig er det viktig å finne ordninger som ikke oppfattes som stigmatiserende for enkelt næringer.

På denne bakgrunn har ØKOKRIM etablert en tipstelefon for økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet. Ordningen er etablert som et reelt alternativ til andre tipstelefonordninger, herunder den såkalte tipstelefonen under Fiskeridirektoratet.

I denne sammenheng vises det til vedlagte (./.) pressemelding av 27. februar 2002 fra ØKOKRIM.

Jeg tror at ordningen med en slik tipstelefon hos ØKOKRIM vil bli et viktig bidrag i kampen mot økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet, herunder også saker som gjelder fiskerinæringen.

Det tas sikte på at ØKOKRIMs tipstelefon skal evalueres etter en viss tid. Før man har gjort en slik evalu-

ering med rapportering av erfaringer med den nye ordningen, ser jeg ikke at det er behov for å gjenopprette den særskilte tipstelefonen for fiskefusks.

I løpet av de 10 månedene Fiskeridirektoratets tipstelefon var operativ kom det inn 140 tips. 15 av disse førte til politianmeldelse. Tips som gjelder fiskerinæringen som kommer inn til ØKOKRIMs tipstelefon for økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet blir ubehandlet overført til Fiskeridirektoratet. I mars 2002 ble 5 tips overført fra ØKOKRIM til Fiskeridirektoratet.

Den 11. februar 2002 avholdt jeg et møte om etikk og ulovligheter i fiskerinæringen med Fiskeridirektoratet, Kystvaktinspektoratet, Toll- og avgiftsdirektoratet, Skattedirektoratet, Rogaland, Troms- og Finnmark statsadvokatembeter, Salgslagenes samarbeidsråd, Norges Fiskarlag, Fiskeri- og Havbruksnæringens landsforening og Norske Sjømatbedrifters Landsforening.

Møtet ga en nyttig innføring i status for dette arbeidet, både fra myndighetenes side og fra næringen. Vi lyktes også å sette fokus på veien fremover. For å bringe arbeidet videre vil jeg invitere til nytt møte før sommerferien.

Avslutningsvis vil jeg si at tilgangen til ressursene i havet er et felles, begrenset gode. Det er klart at økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet i fiskerinæringen undergraver vesentlige interesser for samfunnet og næringen. Jeg er derfor svært opptatt av å gjøre noe med dette. Det er satt i verk en rekke tiltak for å styrke ressurskontrollen, både av forrige og nåværende Regjering.

#### Undervedlegg

#### Pressemelding fra ØKOKRIM, datert 27. februar 2002

##### ØKOKRIM etablerer tipstelefon

ØKOKRIM etablerer en tipstelefon for økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet. Ordningen etableres som et reelt alternativ til andre tipstelefonordninger. Tipstelefonen skal evalueres etter en viss tid.

Tipstelefonen blir bemannet i kontortiden. Utenom ordinær kontortid kan publikum legge igjen tips på et digitalt lydopptaksanlegg. Tipsene blir registrert og vurdert ved ØKOKRIM. Avhengig av innholdet over-

sendes tipsene eventuelt til lokale politidistrikter, sentrale eller lokale kontrollorganer.

Telefonnummer: 23 29 11 00

Faxnummer: 23 29 11 01

E-postadresse: [desken@okokrim.no](mailto:desken@okokrim.no)